



Midt-Telemark Museum

Eit samarbeid for å drive attraktive og effektive kulturverksemder.

Stifta 7. mai 2018.

Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag

Årsmelding 2019

Formål og arbeidsområde

Midt-Telemark Museum er ei konsolidert eining av kulturorganisasjonar i Midt-Telemark med formål om å formidle kunnskap om materiell- og immateriell kulturarv.

Medlemene i Midt-Telemark Museum vil saman og kvar for seg vera viktige medspelarar for Midt-Telemark kommune for å oppfylle målsettingane om sikring og formidling av kulturarven. Sjå utdrag frå Kulturminneplanen og Samfunnsplanen etter årsmeldinga.

Organisering

Midt-Telemark Museum er organisert som ei foreining der stiftarane er einaste medlemmer. Medlemene i MTM er organisert på ulikt vis:

- Bø Museum – Foreining med 130 medlemmer som eig bygningar og samlingar.
- Bø Prestegard – Sjølvstendig stifting som eig den gamle prestegarden. Vennelaget for Bø Prestegard med 135 medlemmer hjelper stiftinga med drift av eigedomen og gjennomføring av arrangement mv.
- Evju Bygdetun – Sjølvstendig stifting som eig garden og driftar jord/skog og gardsbasert

opplevingsnæring. Venneforeininga Nes- og Saude Bygdetunlag med 70 medlemmer hjelper stiftinga med dugnadsarbeid på eigedomen, men har også egne arrangement og aktivitetar.

- Hørte Dampfarveri – Sjølvstendig stifting som eig bygningen. Venneforeininga Hørte Dampfarveris venner med 63 medlemmer hjelper stiftinga med drift av eigedomen og har kulturarrangement og aktivitetar.
- Sauherad Historielag – Foreining med 100 medlemmer. Aktivitetane er arrangement og bokprosjekt.

Styret i Midt-Telemark Museum

Medlemene i MTM har utpekt kvar sin representant til styret:

- Eivind Lønheim, styreleiar (Sauherad Historielag)
- Jorid Vale, nestleiar (Evju Bygdetun)
- Finn Rønning, styremedlem (Bø Museum)
- Anne Moe, styremedlem (Bø Prestegard)
- Aslaug Torstveit, styremedlem (Hørte Dampfarveri)



Samlingsforvaltning

Det fysiske grunnlaget for museumsarbeidet er dei store samlingane av hus, gjenstandar, foto, film, video og dokumentarkiv som medlemene i Midt-Telemark Museum har ansvaret for. Eit viktig utgangspunkt i formidlingsarbeidet er sikker registrering og god oversikt.

Gjennom samarbeidet i Midt-Telemark Museum, har medlemene fått rimelegare tilgang til registreringsverktøyet Primus for gjenstandar og foto.

Medlemene har også store boksamlingar. Bø Museum har registrert boksamlinga på fleire tusen bind i biblioteksystemet Tidemann. Evju Bygdetun har registrert boksamlinga i ei lokal database.

Bø Museum og Evju Bygdetun har ansvaret for drift av dei lokalhistoriske arkiva i Bø og Sauherad.

Auka satsing på samlingsforvaltning vil bli prioritert i tida framover. Ved registrering i Primus blir samlingane tilgjengelege i Digitalt Museum, og det er eit arbeid på gang for publisering av privatarkiva på nett.

Arrangement

Medlemene har registrert over 70 arrangement i 2019 med til saman omlag 16.000 besøkande.

Det synlege grunnlaget for formidlinga er bygningane og samlingane av den materielle kulturarven og årlege utstillingar i tillegg til utstillingar, kurs og møte.

Lokal matkultur

Bø Prestegard har opparbeidd hagen i samarbeid med Hagelaget og serverer signaturrettar frå Prestegardskjøkkenet.

Bø Museum bakar brød og julekaker i samband med arrangement og kurs.

Evju Bygdetun dyrkar og serverer «ureist» mat i samband med arrangement, grupper, kurs og undervisningsopplegg. Evju Bygdetun har også arrangert kurs i «kreativ matlaging» i samband med lokal matkultur.

Hørte Dampfarveri har signaturvaffel til utstillingar og arrangement.

Formidling til barn og unge

Bø Museum har ulike undervisningsopplegg for barneskulen.

Sauherad kommune har utvikla faste undervisningsdagar innan Den kulturelle skulesekken (DKS) for 5 ulike klassetrinn med formidling av kulturarv på Evju Bygdetun.

Siste veke før skulestart inviterer Evju Bygdetun til Sommarviku for aldersgruppa 7-12 år for oppleve arbeid og leik på garden som for 100 år sidan.

Publikasjonar – Bøker og kalendrar mv.

Gjennom mange år har medlemene gjeve ut kalendrar for kommunane Bø og Sauherad med historiske bilde og små tekstar. Det er stor interesse etter desse som har eit opplag på til saman 1.000.



Bø Museum ved Finn Rønning arbeider med eit større bokprosjekt: Husmannsøge for Bø i 5 band. Band 3 er under arbeid med planlagt utgjeving hausten 2020.

Sauherad Historielag er godt i gang med arbeidet for ei Kulturhistorie for Sauherad. Planlagt utgjeving er i 2021, og det er gjort avtaler med profesjonelle historikarar om størstedelen av bokverket.

Bø Museum, Evju Bygdetun og Sauherad Historielag har fast kulturhistorisk spalte i Bø Blad.

Professor Mikkel B. er medforfattar av boka "Faces between fact and fiction" – Studies on Photographic Portraits in Norway med lokale bilde.

Marit Werenskiold skriv bok om besteforeldra sine Sofie og Erik Werenskiold, med støtte frå Telemark fylkeskommune gjennom Evju Bygdetun

Nettsider og sosiale media

Alle organisasjonane har eigne nettsider og brukar også bl.a. Facebook som informasjonskanal om arrangement.

Utstillingar og anna formidling

Bø Museum har ei av landets største samlingar av hardingfeler i «offentleg» eige. Samlinga er tilgjengeleg for publikum i eit moderne utstillingsbygg.

Bø Museum og Evju Bygdetun har årlege utstillingar om ulike kulturhistoriske tema.

Bø Prestegard og Hørte Dampfarveri har årlege kunstutstillingar.

NRK, ved Norge Nå, inviterte seg sjølv til direkte TV sending frå Evju Bygdetun i november med fokus på folkekultur som næring.

Samarbeid med USN

Bø Museum har studentar frå Universitetet i Sør-Aust Noreg på praksis plass.

USN brukar Evju Bygdetun i undervisningsopplegg for fleire studieretningar og vil etablere samarbeidsavtale på ulike forskingsområde. Aktuelt tema er bl.a. jordhelse og samplanting i ulike vekstsoner for grønsaker, frukt, bær og nøttetre i naturleg samspel.

Bygningane og kulturlandskapet

Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun og Hørte Dampfarveri eig og har ansvar for 40 bygningar, av dei to freda bygningar. Bygningane ligg i viktige kulturlandskap som blir forvalta av medlemene.

Alle har lokale som nyttas til kulturarrangement, utstillingar og utleige.

Bø Museum og Evju Bygdetun har smie og verkstader som er i bruk av unge kunsthandverkarar.

Midt-Telemark kommune skal utarbeide ny og samla arealplan for den nye kommunen.

Midt-Telemark Museum har sendt innspel om viktige element frå Samfunnsplanen og Kulturminneplanen om sikring av kulturarven som bør leggast til grunn for arbeidet med arealplanen for heile kommunen.



Dugnadsinnsats

Det aller meste av arbeidet i medlemsorganisasjonane blir gjort på frivillig basis. Mykje blir ikkje registrert, men det blir lagt ned til saman omlag 15.000 dugnadstimar av meir enn 200 dugnadsfolk i dei fem organisasjonane og venneforeiningane.

Økonomi

Medlemene i Midt-Telemark Museum har sjølvstendig økonomi.

Midt-Telemark Museum har ikkje hatt særlege utgifter eller inntekter i 2019, og har ein grunnkapital på kr. 100.000 på bankkonto. Foreininga har fått overført kr. 37.720 som eit fond for å utgje ei bok om Gaarahaug.

Bø, 3. mars 2020

Eivind Lønheim

Jorid Vale

Finn Rønning

Anne Moe

Aslaug Torstveit

Interkommunal kulturminneplan frå 2016

Bø kommune og Sauherad kommune vedtok ein interkommunal kulturminneplan i desember 2016. Frå denne planen vil vi gjerne referere desse hovudmåla:

1. Kommunane skal ivareta viktige kulturmiljø og kulturminne.
2. Kommunane skal legge til rette for ivaretaking og formidling av immateriellkulturarv.
3. Kommunane skal legge til rette for at privatarkiv, foto og gjenstandar vert sikra og formidla for framtidige generasjonar.

Samfunnsplanen for Midt-Telemark kommune

I samband med etablering Samfunnsplanen viser vi til desse «Slik gjer vi det punkta», som er aktuelle for medlemene i MTM:

2.7.2 Utviklar og styrker den kulturelle grunnmuren som består av bibliotek, kulturskule, kulturhus med kino, museum og aktivitet i frivillige lag og organisasjonar

2.7.5 Tar vare på historisk identitet gjennom sikring og formidling av kulturarven

3.3.2 Bruker kulturtenestene aktivt i folkehelsearbeidet.

Strategi aktuell for medlemene i MTM:

- Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast.

Organisasjonsnr: 921 203 179

Midt-Telemark Museum c/o Bø Museum, Oterholtvegen 148, 3802 Bø i Telemark